



# ÅRSRAPPORT 2005





STATENS KULTURHISTORISKE EIENDOMMER



# ÅRSRAPPORT 2005



## **ENGLISH SUMMARY**

The National Cultural Historical Properties (Statens kulturhistoriske eiendommer, SKE) project was started in 2003 and has set for itself the task of coordinating and supervising a review of state-owned properties with a view to identifying historically important properties/buildings and ensuring them formal protection. This measure is taken, among other reasons, because national heritage properties previously have been protected to a very limited degree. The work in the project has been prepared through a preliminary project that was submitted to the Minister of AAD (Department of Labour and Administration) in March 2002.

The project is a subsidiary of the Ministry of Government Administration and Reform (FAD) and is led by Director General Kasper Holand in FAD. The project's secretariat comprises Senior Advisors Eirik Bøe and Tarja Koskinen, as well as Advisor Line Bårdsgen. A reference group with participants from the ministries or government departments that are most strongly responsible for policy at the national level concerning state-owned properties and cultural monuments will oversee the work of the project.

SKE's work is founded in a government mandate and is based on sector responsibility as it is established in applicable environmental policy. The review of the nationally-owned properties will be conducted by sector; each department is responsible for the work done within its sector. For practical reasons, the work is divided into phases: first a quick review of the entire inventory of properties, followed by closer documentation of the properties/buildings that can be perceived to be worthy of protection and finally, selection of the installations/buildings that are suggested for protection.

The selection decided upon will then be presented along with a description of the extent of work, criteria for selection and the sector's/activity's history in a consolidated planning document: a national protection plan for the sector/activity. The Directorate for Cultural Heritage will formally register the properties for protection based on the recommendations of the national protection plan.

In order to alleviate the work of the sectors, the project has developed a web-based database designed to archive the documentation necessary for the determination of protection. This database is accessible for both representatives from the sectors and the professionals who are engaged in the work itself. It will be possible to print out portions of the final planning documents directly from the database.

The project submitted the first rough overview of proposed buildings and properties for protection by the close of 2003, based on data the sectors submitted during the first cursory review. In December 2004, the previous government decided that all sectors should have begun work on the national protection plan in the course of the first half of 2005. Organization of the sectors' work has taken somewhat longer than expected; by the close of 2005, twelve projects had been initiated and several others were in planning.

*Initiated protection plan projects at the turn of the year 2005/2006:*

Direktoratet for toll og handel (Ministry of Finance)  
Ministry of Government Administration and Reform  
Ministry of Health and Care Services  
Ministry of Justice and the Police  
The Theatres (Ministry of Culture and Church Affairs)  
The Ministry of Education and Research  
Bioforsk (Ministry of Agriculture and Food)  
Statskog (Ministry of Agriculture and Food)  
The Norwegian Postal Service AS (associated with the Ministry of Transport and Communications)  
Avinor (associated with the Ministry of Transport and Communications)  
Maritime infrastructure (Ministry of Fisheries and Coastal Affairs) to be developed parallel with SKE's project  
Cultural monuments in Norwegian power production (Ministry of Petroleum and Energy)  
to be developed parallel with SKE's project

Work in the sectors is comprehensive and will take several years; most of the projects are anticipated to be completed 2007–2009.

Året 2005 har vore hendingsrikt, også for Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar. I samband med hundreårsmarkeringa har det vore interessant å sjå kor mykje våre bygde omgivnader har å seie for korleis vi oppfattar omgrep som sjølvstende og identitet. Mange av statens bygningar medverkar sterkt i forteljinga om vår nasjons historie og utvikling. I så måte har hundreårsmarkeringa understreka verdien av det arbeidet som blir gjort i prosjektet. Heftet "Frå nasjonalisme til rasjonalisme – Husrom for Den norske stat 1905–2005", som prosjektet fekk utarbeidd, gir eit innblikk i korleis statens bygningsmasse har utvikla seg dei siste hundre åra.

Mange av statens mest kjende bygningar er skapte av framståande arkitektar, som i tillegg til å skape hus også skapte seg eit namn. Deira bygningar er det som regel openbert for dei fleste at vi må ta vare på. Vaniskelegare er det kanskje å skape aksept for at staten også bør ta vare på bygningar av andre grunnar enn dei "monumentale". Bygningar som fortel noko om statens historiske utvikling innanfor eit område kan vere vel verde å ta vare på, sjølv om dei har eit meir smålåte uttrykk og ikkje høyrer til kategorien arkitektoniske perler. Det er viktig også å ta vare på bygningar som kan fortelje historia om ein feilslått eller forlaten strategi frå tidlegare tider, anten det no er innan forsvarssektoren, samferdsel, helsevesen, barnevern, kriminalomsorg eller anna. Dei eigedomar som til slutt inngår i ein sektors landsverneplan skal formidle ein heilskap, ikkje berre brotstykke.

Den førre regjeringa bestemte at alle sektorar skulle ha starta arbeidet med sine landsverneplanar i løpet av 1. halvår 2005. Sjølv om dette ikkje fullt ut blei oppfylt, har så godt som alle no starta dette arbeidet. Det må konstatertast at somme ligg noko etter skjemaet, men det er trass i alt viktigast at ein er i gang. Det er gledeleg at fleire statlege føretak og selskap har følgt oppmodinga frå regjeringa om å delta aktivt i prosjektet; kartleggje sine eigedomar og utarbeide landsverneplanar. For eksempel representerer helseføretaka ein eigedomsmasse på om lag 5 mill. m<sup>2</sup>, meir enn dobbelt så mykje som det Statsbygg forvaltar. Det noverande omfanget av prosjektet gjer at vi må diskutere korleis arbeidet skal følgjast opp etter utgangen av 2006, då prosjektperioden sluttar. Slik det ser ut i skrivande stund, tyder mykje på at det vil vere behov for koordinering og bistand også utover denne perioden. Korleis og i kva form dette skal gjerast må vi komme tilbake til.

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar er ikkje politisk kontroversielt. Ulike regjeringar og statsrådar har slutta opp om prosjektet si målsetjing og arbeid. Det inneber at regjeringsskiftet i fjar ikkje endrar arbeidet vårt med kartlegging og registrering av statens kulturhistoriske eigedomar som grunnlag for utarbeiding av sektorvisse landsverneplanar. Eg vonar vi får eit godt samarbeid med alle involverte partar også vidare, og takkar for innsatsen så langt. Alle innspel blir tekne imot med takk, både ros og ris, anten dei blir retta til underskrivne eller sekretariatet ([www.statenskulturhistoriskeeidommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeidommer.no)).

Kasper Holand, ekspedisjonssjef  
Prosjektleiar Statens kulturhistoriske eigedomar



# INNHOLDSFORTEGNELSE

<b>00</b>	<b>SUMMARY</b>	side 2
<b>01</b>	<b>FORORD</b>	side 3
<b>02</b>	<b>BAKGRUNN OG MANDAT</b>	side 6
02.1	Bakgrunn	
02.2	Mandat for fase 2 (2005/2006)	
<b>03</b>	<b>PROSJEKTET</b>	side 7
03.1	Sekretariatet	
03.2	Referansegruppa	
03.3	Lokalitetar	
<b>04</b>	<b>HOVUDOPPGÅVER 2005</b>	side 8
04.1	Innleiing	
04.2	Landsverneplanar	
04.2.1	Status for igangsetting av landsverneplanar	
04.2.2	Forventinger til utarbeidelse av landsverneplanar	
04.3	Registeret	
04.3.1	Eigedomsregisteret	
04.3.2	Gjennomføring av registrering	
04.4	Forslag til forvaltningsstrategi for statens kulturhistoriske eigedomar	
04.5	Formidling	
04.5.1	Rettleiar for Arbeid med statlege verneplanar	
04.5.2	Frå nasjonalisme til rasjonalisme- Husrom for Den norske stat 1905- 2005	
04.5.3	Seminarrekke om Bruk og utvikling	
04.5.4	Nyheitsbrev	
04.5.5	Nettsida	
04.5.6	Kontinuerleg formidlingsarbeid	
04.6	Diverse	
<b>05</b>	<b>BUDSJETT OG ØKONOMI</b>	side 20
05.1	Budsjettrammer	
05.2	Forbruk	

## 02 BAKGRUNN OG MANDAT

### 02.1 BAKGRUNN

I St.prp.nr.1 (2001-2002) for AAD blei Stortinget varsla om at den dåverande regjeringa planla ein gjennomgang av statens eigedomar med sikt på å leggje grunnlag for ein politikk for statleg eigarskap og forvalting av kulturhistorisk viktige eigedomar i sivil sektor. Prosjektet skulle førebuast gjennom eit forprosjekt.

Forprosjektet for statens kulturhistoriske eigedomar – politikk for eigarskap og forvaltning, blei gjort ferdig og rapporten overlevert statsråden i AAD 20. mars 2002.

12. september 2002 vedtok regjeringa å setje i gang prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar for åra 2003 og 2004. 18. desember 2003 vedtok regjeringa at prosjektet skulle halde fram ut året 2006 slik forprosjektet føresette. Det var opphavleg meininga at utvikling av modellar for eigarskap og forvaltning av statens kulturhistoriske eigedomar skulle behandlast i hovudprosjektet. Det blei likevel bestemt at spørsmålet skulle skiljast ut i eit eige prosjekt. Spørsmålet om statleg eigarskap skal avgjerast på eit seinare tidspunkt. Samarbeid med verksemder som er skilde ut som statsføretak eller heileigde statlege aksjeselskap er også viktig i denne samanhengen.

### 02.2 MANDAT FOR FASE 2 (2005/2006)

Mandatet for åra 2005 og 2006 omfattar følgjande hovudoppgåver. SKE skal:

- Yte hjelp til og koordinere arbeidet med landsverneplanar i dei ulike sektorane.
- Medverke til å få kartlagd og vernevurdert bygningshistoria til eigedomar som har vore, men ikkje lenger er eigde av staten, som viktig supplement i utarbeiding av landsverneplanar.
- Arbeide med bevisstgjering i dei ulike etatane om formidling av statens kulturhistoriske eigedomar; og leggje til rette SKEs data for formidling. Vidareutvikle prosjektet si it-satsing (blant anna e- læringsmodular) med vektlegging også av ålmenta som målgruppe.
- Finne permanente løysingar for forvalting og àjourhald av SKEs register, som medverkar til samkjøring og kommunikasjon mellom ulike register.
- Formidle regjeringas forvalningsstrategi. Koordinere og gi råd i samband med etatares forvalningsplanar.
- Utarbeide forslag til eit utval av eigedomar som kan representere viktige trekk i statens kulturhistorie og som bør eigast/forvaltast av staten. Dette må gjerast i tett samarbeid med sektormyndighetene og Riksantikvaren. Arbeidet må ta utgangspunkt i det sett av kriterium som blei lagde fram i rapporten frå forprosjektet og som regjeringa seinare har slutta seg til (regjeringsvedtak sept. 2002)
- Leggje til rette for å avslutte prosjektet ved utgangen av 2006, blant anna ved forslag om handtering av evt. gjenståande oppgåver.

SKEs arbeid er forankra i mandatet frå regjeringa og basert på sektoransvaret slik det er nedfelt i gjeldande miljøpolitikk i St. meld 58 1996-97 *Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling* og St. meld. 25 2002-2003 *Regjeringens miljøvernopolitikk og rikets miljøtilstand*. Prosjektet er også ei oppfølging av dei nasjonale miljømåla slik dei er nedfelte for alle sektorar i Miljøverndepartementets St. prp. 1 2002 - 2003. SKE viser elles til Miljøverndepartementets St. meld. nr. 16 *Leve med kulturminner*, som er behandla av Stortinget.

### 03.1 SEKRETARIET

Prosjektet ligg under Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Hovudprosjektet kom i gang frå års-skiftet 2002/2003 og var inntil årsskiftet 2004/2005 leidd av spesialrådgivar Brit Denstad i MOD. Prosjektleiar har etter dette vore ekspedisjonssjef Kasper Holand i Statsforvaltningsavdelinga i MOD, no Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

I 2003 blei det etablert eit eige sekretariat for gjennomføring av prosjektarbeidet. Seniorrådgivarar Eirik T. Bøe og Tarja Koskinen blei tilsette i 2003. Sekretariatet blei i 2005 styrkt ved at rådgivar Line Bårdsgård som frå 2004 hadde virka som vikar, blei tilsett i sekretariatet ut prosjektperioden. I tillegg til den faste bemanninga har det vore leigd inn eksterne konsulenter for å hjelpe til med konkrete oppgåver. I 2005 har følgjande konsulenter vore engasjerte: kunsthistorikar Hans Egede-Nissen, seniorrådgivar Gisle Totland (Forsvarsbygg/Via-Nova AS), senior systemutviklar Jon Martin Solaas (Object Labs) og systemutviklar Ola Flem (Flem Consult).

### 03.2 REFERANSEGRUPPEN

Det blei etablert ei referansegruppe for prosjektet, med deltaking frå dei departement og etatar som er ster-kast involverte som ansvarlege for eigedoms- og kulturminnepolitikk i staten. Referansegruppa skal assis-tere prosjektet med kunnskap og råd, sørge for forankring mot og nødvendige avklaringar i dei respektive departement/etatar.

DESSE HAR VORE MEDLEMMER I REFERANSEGRUPPA I 2005:

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET	v/ seniorrådgivar Kaare Falkenberg
MILJØVERNDEPARTEMENTET	v/ avdelingsdirektør Einar Holtane (seniorrådgivar Benedicte Boye møter som vara)
FORSVARSDEPARTEMENTET	v/ stabssjef Janne Wilberg i Forsvarsbygg
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET	v/ rådgivar Isabell Lexow inntil rådgivar Kristin Solbjør Folstad tok over i september
UTDANNINGS- OG FORSKNINGSDEPARTEMENTET	v/ underdirektør Arne Hovden
RIKSANTIKVAREN	v/ avdelingsdirektør Unni Grønn (seniorkonsulent Ingrid Djupedal møter som vara)
STATSBYGG	v/ direktør May Balkøy
ABM-UTVIKLING	v/ seniorrådgivar Espen Hernes

Det er halde 11 møte i referansegruppa, og gjennomført ein studietur til Romania og Ungarn frå 17. til 21. april.

### 03.3 LOKALITETAR

Sekretariatet leigde lokale av Riksantikvaren i Dronningens gate 13 inntil 15. september då sekretariatet flytta inn i leigde lokale hos NIKE i Storgata 2, Oslo.

## 04 HOVUDOPPGÅVER 2005

### 04.1. INNLEIING

Hovudoppgåvene i 2005 har vore å koordinere oppstart av arbeidet med landsverneplanar i alle sivile statlege sektorar. SKE har hatt bilaterale møte med alle aktuelle departement og deira underliggjande etatar. Riksantikvaren er statens kulturminnefaglege myndighet og skal gjennomføre forskriftsfredingar på grunnlag av dei ferdige landsverneplanane. Det har derfor vore eit tett samarbeid med Riksantikvaren og deira representantar i dei ulike landsverneplanprosjekta. Forsvarsbygg og Statsbygg er sentrale kompetanse-miljø i staten, og vil kunne assistere sektorane. Ei sentral oppgåve for sekretariatet har vore å koordinere verksemndene/etatane, Forsvarsbygg, Statsbygg og Riksantikvaren. Målet har vore å oppnå mest mogleg samsvar mellom dei ulike prosjekta faglege nivå, organisering og gjennomføring. Sekretariatet har først og fremst lagt vekt på å leggje til rette for ein rasjonell og effektiv gjennomføring av arbeidet.

### 04.2 LANDSVERNEPLANAR

Regjeringa bestemte i desember 2004 at arbeidet med framstilling av sektorvise landsverneplanar skulle setjast i gang i løpet av 1. halvår 2005. SKE har på dette grunnlaget teke kontakt med alle departementa og aktuelle underliggjande etatar og verksemder.

Å få sett i gang arbeidet med landsverneplanane har trass i regjerings avgjerd teke lang tid i somme sektolar. Det har vist seg at sektoransvaret for kulturminnevern ikkje har vore like godt forankra og følgd opp i alle ledd av statsforvaltinga. Sekretariatet har derfor brukt mykje tid på informasjon og kompetanseoppbygging før arbeidet med landsverneplanane kom i gang for fullt.

Ved utgangen av 2005 er det bestemt at ein skal setje i gang 12 landsverneplanar, og fleire er planlagde. Krava til SKEs rolle som koordinator har derfor auka vesentleg i 2005.

Ved utgangen av 2006 vil det truleg berre vere Bioforsk (tidlegare Planteforsk) som har gjort ferdig ein landsverneplan. LMD og dåverande Planteforsk har sidan 2003, som einaste sektorområde, følgt den framdrifta SKE har tilrådt. Planen er dessutan relativt liten i omfang, samanlikna med verneplanar på sektorar med store eigedomssporteføljjar. Resten av landsverneplanane vil ta lenger tid. Noko av forseinkingane har oppstått på grunn av nøling med å setje i gang, men ein ser òg at omfanget av arbeidet er stort hos somme. I løpet av året 2006 skal alle aktuelle landsverneplanar vere sett i gang, men sluttføringa av desse vil truleg vedvare framover mot 2009. Parallelt med dette arbeidet vil Riksantikvaren gjennomføre forskriftsfreding på grunnlag av dei landsverneplanane som blir ferdigstilte.

Riksantikvaren har organisert seg med éin utvald saksbehandlar som følgjer kvar enkelt landsverneplan. Saksbehandlaren vil delta på møte osv. undervegs i arbeidet med planen. Internt hos Riksantikvaren er alle saksbehandlarane som er knytte opp mot landsverneplanarbeidet med i ei gruppe som blir leidd av senior-konsulent Ingrid Djupedal. Formålet med gruppa er at saksbehandlarane skal vere oppdaterte og samkjørte i forhold til arbeidet med dei ulike landsverneplanane.



UiO, Blindern. Trapperom. Foto: Gro Pedersen



Hjordalshytta, Songli Forsksgård. Foto: Einar Engen



Fogdegarden ved Høgskulen i Ålesund. Foto: Einar Engen



## STATUS FOR IGANGSETTING AV LANDSVERNEPLANAR

### 04.2.1 STATUS FOR IGANGSETTING AV LANDSVERNEPLANAR

Ved utgangen av 2005 er som sagt 12 landsverneplanar i startfasen. I tillegg er det 8 moglege landsverneplan-prosjekt. Det vil seie at resultatet av SKEs arbeid totalt kan bli 20 landsverneplanar. Nedanfor følger ei departementsvis oversikt over kva planar som det er vedteke å setje i gang eller som det er planlagt å setje i gang.

#### **BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET (BLD)**


BLD har etter møte med SKE meldt tilbake at dei har starta arbeidet med å organisere ein landsverneplan knytt til barnevernsinstitusjonar. BLD har oppnemnt seniorrådgivar Bente Johansen som kontaktperson og oppgåva er lagd til Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) og lagd inn som aktivitet i deira tildelingsbrev for 2006.

#### **FINANSDEPARTEMENTET (FIN)**

Noregs banks filialbygningar blei vernevurdert av Riksantikvaren då dei gjekk ut av Noregs bank sin bruk, og Noregs bank har på eige initiativ vareteke dokumentasjon og historieskriving av sin noverande bygningsmasse. Funksjonane til ein landsverneplan var dermed oppfylde allereie før prosjektet SKE kom i gang.

Toll- og avgiftsdirektoratet (TAD) har vedteke å utarbeide ein landsverneplan for deira område. Kontakt-person i TAD er førstekonsulent Bjørg Grøndahl. Eigedomar knytte til TADs historie, hovudsakleg eigde av Statsbygg, Entra og TAD, er grunnregisterte, og TAD har knytt til seg historikaren Øyvind Grøndahl frå Rokkansenteret i Bergen.

Saksbehandlar for Toll- og avgift sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Sjur Mehlum.



Hønsehus Løken Forsøksgard Foto: Håkon Skarstad

### FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET (FKD)

FKD har tidlegare laga ein verneplan for fyrtasjonane. Det er likevel ytterlegare 40 000 objekt knytte til navigasjon og kystfart langs kysten. Kystverket ønskjer no å få ei heilskapleg oversikt over alle dei ulike kategoriane kulturminne i eigen sektor. Kystverket er derfor i gang med eit verneplanarbeid som tek for seg maritim infrastruktur. Det er etablert ei styringsgruppe og rådgivar Torstein Olsen frå Kystverket, region sør aust, er prosjektleiar. Dette arbeidet tek for seg mange forskjellige slags objekt, og skjer parallelt med SKE sitt virke.

Saksbehandlar for Fiskeri- og kystdepartementet sin verneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Eivind Lande.

### FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET (FAD)

FAD har ansvar for ulike typar eigedomar som blant anna statens kongelege eigedomar, Statens hus med fylkesmannsembata og regjeringsbygningane. FADs samla landsverneplan vil også omhandle dei statlege eigedommane som ikkje har noka klar sektortilknyting. Kartlegging av denne gruppa gjer at det ligg noko fram i tid før ein kan slå fast det endelige omfanget av FADs lvp. Kontaktperson i FAD er seniorrådgivar Kaare Falkenberg. Statsbygg har fått i oppdrag å utarbeide FADs landsverneplan.

Saksbehandlar for Fornyings- og administrasjonsdepartementet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Siv Leden Nytrøen.

### HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET (HOD)

Helse- og omsorgsdepartementet har vedteke å lage ein samla landsverneplan og arbeidet er i gang. Kontaktperson i HOD er seniorrådgivar Kai Rune Furberg. HOD har samla alle helseføretaka i ei koordineringsgruppe saman med Riksantikvaren og SKE. Seniorrådgivar Nils Arne Bjordal frå Helse Midt-Noreg leier koordineringsgruppa. Forsvarsbygg hjelper HOD med å utarbeide landsverneplanen. Prosjektleiar i Forsvarsbygg er seniorarkitekt Marte Ofsetdal. Forsvarsbygg har engasjert historikaren Runar Jordåen med tilknyting til Rokkansenteret i Bergen.

Saksbehandlar for Helse- og omsorgsdepartementet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Ingrid Djupedal.

### JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET (JD)

JD har starta arbeidet med å lage ein landsverneplan. Ei stor oppgåve for departementet er å skaffe ei samla oversikt over eigedomar som er knytte til sektoren. Kontaktperson i departementet er rådgivar Christine Bergesen. Ho koordinerer arbeidet i departementet gjennom ei intern gruppe med representantar frå dei ulike fagområda som kriminalomsorga, politiet, direktoratet for tryggleik og beredskap, domstolane og syselmannen på Svalbard. Kvart einskilt område skal som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet skaffe oversikt over bygningsmassen og skrive ein historikk ved bruk av interne ressursar.

Saksbehandlar for Justis- og politidepartementet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Sjur Mehlum.




1



2



3



4



5




6



7



8



9

- 1: UiO/Svein Rosselands hus. Interiør Trapp. Foto: Gro Pedersen  
2: UiO/Sophus Lies auditorium. Interiør. Foto: Gro Pedersen  
3: Fogdegården ved Høgskulen i Ålesund. Detalj. Foto: Einar Engen  
4: UiO/Blindern, Fysikk bygning. Hall. Foto: Gro Pedersen  
5: Det Kongelige Slott. Foto: Anne Sofie Galåen  
6: UiO Palmehuset på Tøyen. Foto: Raul da Cunha  
7: Tuengen Allé 10c, Villa Stenersen, Oslo . Foto: Erik Ruud  
8: Øvre Sem. Foto: Bjørn Fredriksen  
9: UiO Svein Rosselands hus. Interiør trapp. Foto: Gro Pedersen



Statsarkivet i Bergen. Foto: Ann Kristin Strømmen

### KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET (KRD)

KRD har ikkje ein eigedomsportefølje som gjer det naturleg å utarbeide ein landsverneplan.

### KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET (KKD)

KKD har starta arbeidet med ein landsverneplan for teatra, og historikar Sidsel Graffer er engasjert til å skrive historikken.

Opplysningsvesenets fond (OVF) ligg under KKD. Dei har tidlegare gjort ei vurdering av prestegardane, men skal no i gang med å registrere bygningane på sine utmarkseigedomar i løpet av våren/sommaren 2006. Etter at registreringa er gjennomført må det avgjeraast kva form ei samanstilling av resultata bør få.

I tillegg er SKE i dialog med KKD om verneplanar for andre grupper statlege eigedomar tilknytte KKD, blant desse er arkiva og statleg eigde museumsbygningiar. Kontaktperson i KKD er rådgivar Kristin Solbjør Folstad.

### KUNNSKAPSDEPARTEMENTET (KD)

Kunnskapsdepartementet har bestemt å utarbeide ein samla landsverneplan, og Statsbygg har fått i oppdrag å utarbeide planen. Ein arbeider no med å kartlegge kor stor planen vil bli. Kontaktperson i KD er underdirektør Arne Hovden.

Saksbehandlar for Kunnskapsdepartementet sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Siv Leden Nytrøen.

### LANDSBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET (LMD)

Bioforsk er godt i gang med å utarbeide sin landsverneplan for tidlegare Planteforsk sitt ansvarsområde, og har organisert arbeidet i tråd med tilrådingar frå SKE. Leiar for Bioforsk Aust Løken, Håkon Skarstad er prosjektleiar og det er også han som skriv historikken.


Saksbehandlar for Planteforsk sin landsverneplan hos Riksantikvaren er rådgivar Ragnhild Hoel.

Statskog er ferdig med å registrere bygningane på sine eigedomar og har overført grunnlagsdata til SKEs eigedomsregister. Dei skal foreta yterlegare registreringar og skal utarbeide ein lande.

Saksbehandlar for Statskog sin landsverneplan hos Riksantikvaren er seniorrådgivar Even Gaukstad. Kontaktperson i LMD er rådgivar Finn Abrahamsen.

### MILJØVERNDEPARTEMENTET (MD)

Eigedommane som er tilknytte MD dokumenterer berre i avgrensa grad sektoren si historie. MD tek sikte på å framstille sin landsverneplan som ei temsamling. Innsamling av grunnlagsdata er i gang, Kontaktperson i MD er rådgivar Kari Charlotte Larsen. MD ser RA som sentral i utarbeidingsa av MD sin landsverneplan.



1



2



3




4



5



6



- 1: UiO Professorboligen, Karl Johansgate. Foto: Gro Pedersen
- 2: UiO Blindern/ Fysikkbygningen, trapperom . Foto: Gro Pedersen
- 3: Siccajarve Fjellstue, Kautokeino. Foto: Inger Helen Undstad
- 4: Sigrid Undsets hjem, Dalseggstua. Foto: Kjell Marius Mathisen
- 5: Austråtborgen. Foto: Einar Engen
- 6: Bergskrivingarden på Røros. Foto: Einar Engen



1



2



3




4



5

- 1: Tidlegare politikammer i SørVaranger. Foto: Ukjent  
2: Hovedbygning Staur Gard. Foto: Håkon Skarstad  
3: Sjøgarden Lofthus Foto: Ann-Kristin Strømmen  
4: Sjøgarden Lofthus Foto: Ann-Kristin Strømmen  
5: Sjøgarden Lofthus Foto: Ann-Kristin Strømmen  
6: Hovedbygning Staur Gard. Foto: Håkon Skarstad  
7: Svalbard Kirke. Foto: ukjent



Stortinget. Foto: Poul J. Neubert

### NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENTET (NHD)

Bygningsmassen knytt til gruvedrift er aktuell for vurdering i samband med ein landsverneplan. Dette vedgår Bergvesenet og dei statseigde selskapa som driv gruvedrift på Svalbard. Bergvesenet har starta arbeidet med å vurdere behovet for ein gjennomgang av heimfallseigedommane. Underdirektør Elisabeth Berger i NHD og bergmeister Per Zakken Brekke er kontaktpersonar.

Når det gjeld selskapa på Svalbard, Store Norske AS og Kings Bay AS, ligg desse under eigarskapsavdelinga i NHD. SKE har i samråd med Riksantikvaren komme fram til at det ikkje er behov for ein verneplan for desse selskapa ettersom dei er i gang med ei eiga registrering. Sysselmannen har også utarbeidd Kulturminneplan for Svalbard 2000 - 2010.

SKE har skrive til selskapa og bedt om å bli informert om registreringsarbeidet. I brevet er det særleg trekt fram behovet for registrering av bygg som ikkje er automatisk freda på Svalbard, dvs. bygg som er yngre enn 1945.

### OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET (OED)

Viktige felt under OED er verksemndene som er knytte til oljeutvinninga i Nordsjøen og kraftproduksjonen som fell innanfor NVEs ansvarsområde. Uavhengig av SKE har NVE starta prosjektet KINK, Kulturminne i norsk kraftproduksjon, som tek for seg både privat, kommunal og statleg kraftutbygging. Ettersom planen vil omhandle både statlege og privateigde anlegg, vil ikkje prosjektet ta form av ein landsverneplan etter Riksantikvarens mal for statlege sektorområde.

I tillegg har også oljemuseet i Stavanger, uavhengig av SKE, starta dokumentasjonsprosjekt som tek for seg oljeutvinninga i Nordsjøen.

### SAMFERDSELSDEPARTEMENTET (SD)

SD var tidleg ute med å ta ansvar for kulturminnevern innan sin eigen sektor. Dei har laga landsverneplanar for Statens vegvesen, NSB-stasjonsbygningane og har utarbeidd ein ikkje vedteken plan for Telenor. I tillegg har Jernbaneverket ein landsverneplan som har vore på høyring.

SD varetok òg eigaransvaret i dei heileigde statsaksjeselskapa Posten Noreg AS og Avinor AS, og begge desse selskapa har vedteke å utarbeide ein landsverneplan for sin sektor.

Avinor vedtok 1. november at dei skal utarbeide ein landsverneplan. Dei er inne i ein forprosjektfase som skal vere avslutta ved påsketider. Forprosjektet blir leidd av miljørådgivar Elin Hansen.

Posten Noreg AS vedtok 29. november at dei skal utarbeide ein landsverneplan. Prosjektleiar Bjørn Brustad er engasjert, og vil starte opp arbeidet når han byrjar i februar 2006.

Seniorkonsulent Gustav Rossnes frå Riksantikvaren er saksbehandlar for både Avinor og Posten Noreg AS. Kontaktperson i SD er seniorrådgivar Elin Marie Furu.

### STORTINGET

Stortinget er ferdig med registreringa og skal utarbeide ein verneplan for sin bygningsmasse. Kontaktperson i Stortinget er overingeniør Terje Bergquist.



Nordnorsk Kunstmuseum i Tromsø. Foto: Gerd Bergvand

## UTENRIKSDEPARTEMENTET (UD)

Statens eigedomar i utlandet inngår ikkje i prosjektet SKE. Prosjektet vil likevel be UD og Statsbygg om å fokusere på forvaltninga av dei kulturminneeigedomar staten eig i utlandet.

### 04.2.2 Forventningar til utarbeiding av landsverneplanar

Statsbygg gjekk ved utgangen av året gjennom den egedomsporteføljen dei forvaltar og fordele denne på ansvarleg departement. Dette har resultert i at SKE har kunna komme med meir spesifikk informasjon til departementa med påminningar om kva for eigedomar departementa har knytt til seg, slik at dei blir tekne med i arbeidet med landsverneplanar.

Ved årsskifte 2005/2006 var det sett i gang 12 landsverneplanprosjekt, og fleire er under planlegging. Nokre av planane er svært omfattande, mens andre har eit mindre omfang. Å gjere alle desse landsverneplanane ligg nokre år fram i tid. Det er truande at oppfølging av arbeidet blir tildelt ei eigna eining etter at SKE-prosjektet etter planen skal vere avslutta.

## 04.3. REGISTERET

### 04.3.1 EGEDOMSREGISTERET


For å nå målsetjinga om å skaffe oversikt over statens kulturhistoriske eigedomar har det vore nødvendig å setje i gang ei samla vernevurdering av alle statens eigedomar. Ved oppstart av prosjektet SKE i 2003 eksisterte det inga samla oversikt over statens kulturhistoriske eigedomar, utover den oversikta som finst i Fortidsminneforeningens årbøker for 1933 og 1934. Egedomsregisteret som SKE har etablert er derfor av stor verdi.

For å forenkle landsverneplanarbeidet er registeret tilgjengeleg på nettet både for Riksantikvaren og sektormyndighetene som skal lage landsverneplanane. Dette inneber blant anna at ein kan samarbeide om utviklinga av fredingsdokumenta og dokumentasjonen på nettet. Når all nødvendig informasjon er samla vil det vere mogleg å skrive ut ferdige bygningskatalogsider til landsverneplanane. Katalogsidene vil, når dei er ferdige, fylle Riksantikvarens krav til eintydig dokumentasjon av eigedomar som skal forskriftsfestast etter Lov om kulturminne. Denne metodikken skal medverke til å effektivisere og forenkle arbeidet med vern av statlege eigedomar.

Data i egedomsregisteret vil om ønskjeleg kunne brukast som del av ein meir omfattande statleg egedomsdatabase i framtida. Det førebels målet er å gi opplysningar om dei statlege bygningane som blir verna til kulturminneregisteret Askeladden<sup>1</sup>, og å gjere informasjonen i egedomsregisteret tilgjengeleg for egedomsforvaltarane. Det er førebels ikkje teke stilling til i kva form registerinformasjonen skal gjerast tilgjengeleg.

I løpet av 2005 er det gjort nokre mindre justeringar i registerfunksjonane.


<sup>1</sup> Askeladden er Kulturminnedatabasen som er utvikla og driven av Riksantikvaren. Askeladden skal innehalde informasjon om alle freda kulturminne og levere data knyttet til kartfesting av desse.



1



2



3



4



5



6



7



8



9

- 1: Svein Rosselands Hus. Interør trapp . Foto: Gro Pedersen
- 2: Tuengen Allé 10c. Villa Stenersen, Oslo . Foto: Teigen Fotoatelier
- 3: Sjøgarden Lofthus Foto: Ann-Kristin Strømmen
- 4: Nasjonalgalleriet. Foto: Erik Ruud
- 5: Høgskulen i Volda. Foto: Einar Engen
- 6: Hjortdalshytta Songli Forsksgård. Foto: Einar Engen
- 7: Palmehuset på Tøyen. Foto: Raul de Cunha
- 8: Kjølv Egeland's Hus. Foto: Ann-Kristin Strømmen
- 9: Horten Fengsel. Foto: Terje Weber



Værvarslinga for NordNorge, Foto: Gerd Tove Olsen

#### 04.3.2 GJENNOMFØRING AV REGISTRERING

Registreringa er ikkje sluttførd. For enkelte sektorar vil sluttføring og innlegging av data måtte gjerast som ein første fase av arbeidet med landsverneplanen.

### 04.4 FORSLAG TIL FORVALTNINGSSTRATEGI FOR STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR

SKE utarbeidde i samsvar med mandatet for 2003/2004 eit forslag til ein forvaltningsstrategi som blei over-sendt Moderniseringsdepartementet den 4. november 2004.

Forvaltningsstrategien var ved årsskiftet 2005/2006 til behandling i Fornyings- og administrasjonsdepartementet etter høyringsrundar til alle departement.

### 04.5 FORMIDLING

Formidlinga i prosjektet har i hovudsak vore retta mot departementa og aktuelle statlege verksemder.

#### 04.5.1 RETTLEIAR FOR ARBEID MED STATLEGE VERNEPLANAR

Etter regjeringas avgjerd i desember 2004 om at alle statlege sektorar skal utarbeide landsverneplanar blei det gjort ei revidering av 'Rettleiar for arbeid med statlege verneplanar'. Denne blei publisert på web på SKE sine nettsider i 2. kvartal 2005.

#### 04.5.2 "FRA NASJONALISME TIL RASJONALISME - HUSROM FOR DEN NORSKE STAT 1905 - 2005"

Den 26. oktober 2005 var det 100 år sidan unionskongen Oscar II godtok Noreg som sjølvstendig stat og sa fra seg retten til den norske trona. I godt selskap med mange andre ønskte også SKE å markere dette. Vi valde å gjøre det ved å vise eksempel på korleis den nye norske statens bygningar har endra seg gjennom desse hundre åra med sjølvstende.

Publikasjonen er skriven av kunsthistorikar Hans-Henrik Egede-Nissen på oppdrag frå SKE.

Publikasjonen blei trykt i 1000 eksemplar og distribuert til aktuelle verksemder og aktørar over hele landet. Den er også tilgjengeleg på SKEs nettsider.

#### 04.5.3 SEMINARREKKE OM BRUK OG UTVIKLING

SKE har arrangert to seminar under overskrifta Bruk og Utvikling. Formålet har vore å samle aktørar som arbeider med bruk og utvikling av kulturhistoriske eigedomar for erfaringsutveksling og gjennom å presentere ulike døme som kan kaste lys over fleire sider av dette feltet.

Det første seminaret blei halde 8. mars med deltakarar frå Statsbygg, Forsvarsbygg og Riksantikvaren. På dette seminaret var tema "Bruk og Utvikling". Statsbygg presenterte Høgskolen i Bergen (tomta til Kronstad Jernbaneverksted) ved Astri Opsal, rehabilitering/restaurering av Urbygningen ved UiO ved Lasse Kwet-zinsky og utvikling og planlegging av Brøset i Trondheim (Reitgjerdet pleiestiftelse) ved Otilie Vihovde og Blaker skanse ved Øystein Hole. Forsvarsbygg presenterte Hvalsmoen leir (sivil eige og bruk av militær-leir) ved Bernt Scheffer, Oscarsborg festning (sivilbruk men statleg eige) ved Leif-Johnny Johannessen og Akershus festning (nybygg og ombygging for Forsvarsleiinga) ved Christian Borhaven.



Kommandantboligen på Blaker Skanse. Foto: Erik Ruud.

Erfaringane frå dette første seminaret var udelt positive, og gjorde det tydeleg at det er behov for eit forum der ein kan diskutere på tvers av statlege aktørar. Til dette første seminaret var det invitert eit avgrensa tal personar frå Statsbygg, Forsvarsbygg og Riksantikvaren. Men ein såg at dette ville kunne ha interesse for fleire, og at neste seminar burde opne for fleire aktørar og tilhøyrarar.

Det neste seminaret blei halde 15. november i konferansesalen hos Riksantikvaren. Temaet blei spesifisert til: Blei det slik vi tenkte? Har vala fungert i praksis? Målet var å sjå på ting som har vore i bruk ei tid. Ved planlegging har ein gjort prioriteringar, ønskt å ta vare på noko, og å leggje til rette for noko. Korleis stemmer røynda overeins med dei prioriteringar ein gjorde?

SKE inviterte til breiare deltaking for presentasjonar og for fleire tilhøyrarar. Statsbygg presenterte Tronka i Trondheim, som blei bygd om til nye kontor for Statsbygg Midt-Noreg. Prosjektet blei presentert av Trond Eide frå Eide & Egeland arkitekter og Alf Vold frå Statsbygg. I tillegg blei prosjektet kommentert av Riksantikvaren ved Sjur Mehlum. Forsvarsbygg ved Christian Borhaven presenterte kommandantbustaden ved Fredriksten festning og prosjektet blei kommentert av Riksantikvaren ved Lisen Roll. Rolf Wahlstrøm frå ØKAW-arkitekter presenterte Nasjonalbiblioteket på vegne av Entra Eigedom AS. Riksantikvaren ved Ulf Holmene kommenterte prosjektet. Det var i overkant av 50 deltakrar på seminaret.

SKE planlegg to nye seminar i rekka i løpet av 2006.

#### 04.5.4 NYHEITSBREV

SKE sendte 24. november ut det første av fleire nyheitsbrev på e-post. Bakgrunnen er at arbeidet med landsverneplanar er godt i gang i fleire sektorar, og at vi ser nytta i å orientere på tvers av sektorane om det arbeidet som blir gjort i dei ulike prosjekta. SKE vil formidle smånyheter og orienteringar om arbeidet og meiner dette vil vere nyttig for alle aktørar. Nyheitsbreva blir òg lagde ut på nettsidene til SKE.

#### 04.5.5 NETTSIDA

SKE held ved like og à jour nettsida med jamleg informasjon om prosjekt og som portal til prosjektets eige-domsregister.

#### 04.5.6 JAMLEG FORMIDLINGSARBEID

Prosjektet driv eit jamleg formidlingsarbeid i kontakt med departementa, sektorane og kvar enkelt registrant.

### 04.6 DIVERSE

SKE skal i følgje mandatet sitt registrere og gjennomgå statens kulturhistoriske eigedomar og leggje grunnlag for å identifisere eigedomar som bør sikrast for evt. fredingsformål. I samband med arbeidet med desse oppgåvene er SKE blitt merksam på at kartlegging av alle typar kulturminne i Finnmark, i sær dei samiske, er svært mangefull. Ettersom landområda i Finnmark i all hovudsak er i statleg eige har SKE peikt på temaet i eit notat til MOD, som kalla inn til møte med Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet, Riksantikvaren og SKE for å drøfte vidare arbeid med kulturminne i Finnmark. Oppfølging av temaet ligg i MD.

## 05 BUDSJETT OG ØKONOMI

### 05.1 BUDSJETTRAMMER


Den økonomiske ramma for SKE's verksemd i 2005 var NOK 2,5 mill. Prosjektet blei finansiert av MOD.

### 05.2 FORBRUK

I all hovudsak har prosjektet gjennomført året 2005 som planlagt, berre enkelte aktivitetar ved vidareutvikling av databasen blei noko forseinka og vil bli gjennomført i løpet av 2006.

TALA I OPPSETTET ER NOKO AVRUNDA.

Lokale, kontortenester, lønn	1 735 000
Utvikling av register	290 000
Trykksaker og WEB	130 000
Møter/bevertning	20 000
Reiser	70 000
Diverse	35 000
	2 280 000





■



## STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR

Storgata 2 • c/o NIKU, Postboks 736, Sentrum, N-0105 Oslo • Telefon: 23 35 50 00 • Faks: 23 35 50 01  
[www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no)